



Prins og prinsesse: Fredrik og Anja

Ikveld sette ungdomslaget punktum for diskotekåret 2014 og det skjedde med eit vellukka juleball-diskotek. Det kom rundt rekna 40 både frå dei 4 lågaste og frå dei 3 høgste klassane og det er eldsjelane som står bak svært godt fornøgd med. Dei antar at juleball-ramma og oppmodinga om å ta på seg den finaste stasen hadde ein ekstra verknad på frammøtet. Det var mange flotte antrekk å sjå.



Prins og prinsesse: Sander og Ida Marie

Ein rask oppsummering har som resultat at det har vore diskotek i Helgheim 9 gongar dette året, fordelt med 5 før og 4 etter sommaren. I 2015 startar sesongen i januar. Det har vore ein klår trend at framført av dei yngre har vore klårt betre enn av dei eldre og her ligg det ei utfordring hos arrangørane. Korleis kan ein gjera diskoteka meir interessante for dei eldre?



Jentene var meir taktfaste enn gutane!

Ikveld vart det kåra både prinsar og prinsessar i Helgheim og dei heldige var Anja Smidt og Fredrik Haugland blant dei yngste og Ida Marie Eidsvik og Sander Simensen blant dei eldste.



Ikveld hadde alle teke på finkleda!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen